Etikk-plakat

Overordna

» Tilsette og folkevalde skal følgje gjeldande lover, avtaler og retningslinjer. Alle handlingar skal tole offentlegheita sitt lys

» Vi skal skape godt omdømme ved å framsnakke kommunen

Ivaretaking av eit inkluderande arbeidsmiljø

» Vi har alle ansvar for eit inkluderande arbeidsmiljø

» Vi skapar helsefremmande arbeidsplassar ved å bidra til arbeidsglede og engasjement

» Vi tar aktivt avstand frå diskriminering, mobbing og trakassering

Informasjon og ytringar

» Vi skal bidra til innsyn, openheit og aktiv formidling av relevant informasjon i samsvar med lover og reglar

» Vi skal fremme relevant informasjon og synspunkt

» Når vi ytrar oss offentleg er det viktig å skilje mellom rolla som offentleg tilsett og privatperson

» Vi er bevisste på korleis vi opptrer i sosiale medium

Gåver og personlege fordelar

» Vi skal ikkje ta imot gåver og personlege fordelar som kan påverke våre beslutningar

» Utgifter til reiser og opphald i tenesta skal dekkast av kommunen

Miljø og berekraft

» Vi er bevisste på vår energibruk

» Vi reduserer matsvinn og kjeldesorterer avfall

» Vi prioriterer gjenbruk før nye innkjøp

Habilitet/interessekonflikt

» Vi skal ha eit bevisst forhold til eigen habilitet og fatte beslutningar på eit nøytralt grunnlag

» Vi skal unngå å kome i ein konfliktsituasjon mellom kommunen sine interesser og private interesser

Lojalitet

» Vi er lojale i oppfølginga av administrative og politiske avgjerder

Kjøp av varer og tenestar

» Vi følger regelverket om offentlege anskaffingar og opptrer profesjonelt i rolla som bindeledd mellom leverandørar og kommunen

» Vi skal ikkje få særfordelar ved private kjøp av varer og tenester frå kommunen sine leverandørar

Forhold til innbyggarar

» Vi skal opptre med respekt for innbyggarar og tenestemottakarar

» Vi skal ivareta deira interesser og behandle dei likeverdig

» Vi skal lytte til innbyggarane sine innspel gjennom dialog, innbyggarmedverknad og høyringar

» Vi skal vere profesjonelle i møte med innbyggarar og tenestemottakarar

Teieplikt og fortruleg informasjon

» Vi skal overhalde teieplikta. Fortruleg informasjon skal handterast forsvarleg, både i og utanfor arbeidstida.

» Teieplikta gjeld livet ut, også etter at arbeidsforholdet er avslutta.

Varsling og kritikkverdige forhold

» Vi har rett og plikt til å varsle om kritikkverdige forhold

» Vi har opplysningsplikt og meldeplikt

» Tilsette som varslar skal vere verna mot gjengjeldelse

» Vi skal ta varsel på alvor og behandle dei på ein korrekt måte

Bruk av kommunen sine ressursar og utstyr

» Kommunen sine ressursar og utstyr skal brukast økonomisk og rasjonelt og som hovudregel berre i kommunal teneste

» Bruk kommunal el-bil så langt det lar seg gjere

» Reis kollektivt når du kan

Gol kommune